



DEN KULASTE LESEKAMPANJEN I SOMMAR!

Til foreldre/føresette

Frå **1. juni til 31. august** kan elevar som går i 1. til 7. klasse, delta på **Sommarles.no**

Sommarles.no er ein nettbasert lesekampanje og er laga for å motivere barn til å lese av eiga lyst. Det skal vere gøy å vere med! Barn som les jamleg i løpet av sommaren, styrkar leseferdigheitene sine gjennom ein lang ferie. Nokre les på fritida, men vi veit at dei barna som ikkje gjer det, stiller med eit dårlegare utgangspunkt ved skulestart. Vi håpar at de vil hjelpe oss med å motivere barna til å vere med på Sommarles.no. Det er ein fin aktivitet uansett kvar de skal feriere i sommar. Ta turen innom **altom.sommarles.no** for meir info.

Sommarles er for alle. For kvar bok som blir lagt inn, får ein XP (poeng) og går opp i level. Ein kan lese vanlege bøker, e-bøker, lydbøker, teikneseriar, eller nokon kan lesen høgt for - all lesing tel. Sjølv sagt vankar det premiar når eleven har nådd level 10, 20, 30 og 40. Når ein legg inn bøker, får ein digitale trofé til profilen på nettsida.

Level 10: **Armband**

Level 20: Val mellom **armband**, **viskelær** eller **spå**

Level 30: Val mellom **armband**, **viskelær** eller **spå**

Level 40: Ein er med i trekking av **gåvekort** frå Ølen bok og papir. Vinn ein ikkje eit slikt, kan ein velje seg ein valfri premie.

Premiane kan hentast ved utleveringsstadane som biblioteket har i kommunen. Det vil seie: Joker Vikedal, Shell Sandeid, Shell Knapphus, Frøken Fryd, Joker Vikebygd, Matkroken Imsland samt ved hovuddøra til Vindafjord bibliotek. Når ein er logga inn på Sommarles.no er det høve til å sende melding til biblioteket for å tinga. Ein kan også ta kontakt via telefon (53655860) og e-post (vindafjord.bibliotek@vindafjord.kommune.no)

“SOMMARLES” – ÅRETS DILLE FOR SKULEBARN!

Bloggaren «Pappahjerte»

GOD SOMMAR MED SOMMARLES.NO!